*the protection of this unique natural and cultural heritage, a project supported by the EEA and Norway Grants.*

Cerknica is a polje, a field riddled with holes like a Swiss cheese. During rainy periods, usually in the autumn and spring, water comes rushing into the polje. As the water percolates between the rocks, the sinkholes and siphons can't handle the outflow underground, and the polje becomes Lake Cerknica – sometimes in less than a day!

In 2013 Pajn Institute established "Heritage House", to protect the Inner-Carniola area. Heritage House promotes activities such as traditional Drevak boatbuilding (a special type of boat that traditionally is used on Cerknica Lake), organic flax cultivation, spruce oil distillation, iron forging and folk song and traditional storytelling. <http://hisaizrocila.si/en/>

An unique model of passing the old skills from elder guardians of heritage onto young generations was developed at Heritage House. This initiative resulted in the EEA-project: "In the same boat – Young Guardians of Heritage (2014–2016)." The project mission is to preserve intangible cultural heritage, to develop sustainable products and to transmit skills to younger generations, in cooperation with Museum Centre in Hordaland.

–It is important to exchange traditional skills and know-how. It is all about the protection of our planet and sustainable living. We are all in the same boat, says Ljoba Jence, project leader and leader of Heritage House.

Contact: [atleovemartinussen@muho.no](mailto:atleovemartinussen@muho.no)  
<http://www.muho.no/en>



*Photographer: Ljoba Jence*



**THE EEA AND NORWAY GRANTS**

**What?** It is the contribution of Iceland, Liechtenstein and Norway to reducing economic and social disparities and to strengthening bilateral relations with 16 EU countries in Central and Southern Europe.

**Why?** The funding is targeted on areas where there are clear needs in the beneficiary countries and that are in line with national priorities and wider European goals.

**Which projects?** Funds are set aside in all beneficiary countries to support networking, knowledge exchange and foster project partnerships on initiatives of mutual interest.

**How long?** The EEA Grants and Norway Grants are set up for five-year periods.

## Polish university intends to learn about sustainable urban planning

*How does Hordaland County Council work with public planning, and how do the politicians and administration interact? The University of Lodz in Poland sent a delegation to Bergen in order to learn about planning processes in Norway. The Polish University plans to develop an innovative Bachelor degree curriculum on sustainable urban development. The visit was part of an Eco City project, under the EEA Scholarship Programme.*

Six representatives from the University of Lodz in Poland visited the University of Bergen, Hordaland County Council and Bergen municipality on 3rd March. The visit was part of the Eco City project "Education for sustainable, smart and participatory urban development". The University is making plans for a new study offer on sustainable urban planning, which is very innovative as it will be interdisciplinary and incorporate specialist knowledge of experts and practitioners in public organisations.

The University of Lodz and Hordaland County Council gave presentations and exchanged best practices. The Polish guests showed a special interest in sustainable transport

and infrastructure, and visited both Bergen Light Rail and the new charge station for hydrogen cars. Also the conditions and infrastructure for electric cars in Hordaland were presented.



*The delegation from the University of Lodz*

Contact: [per.nordmark@hfk.no](mailto:per.nordmark@hfk.no)

## Hydrogen cars drive from Bergen to Italy

*Five countries in five days with zero emissions. Ten hydrogen cars started the road trip in Bergen, Norway, crossing Denmark, Germany and Austria to end in Bolzano, Italy. In Hordaland one out of three cars sold today at the moment is a zero emission car, which is the best-in-class region in EU.*

Ten percent of all cars are electric cars. Hordaland County Council has made this possible by the establishment of fast and normal charging stations in Hordaland. This is why Hyundai wanted the hydrogen car tour to start in the capital of Hordaland, Bergen. But the cars had to start with full tank as the nearest hydrogen-station is in Porsgrunn, in the south-eastern part of Norway. Soon a hydrogen charging station will come into place in Hordaland.



*Vice-Mayor of Hordaland, Pål Kårbo trying a hydrogen car.*

Hydrogen cars can drive up to 600 km. There are only 71 charging stations in Europe, but they have chosen a route which will manage the distance Bergen-Bolzano.

Vice-Mayor of Hordaland, Pål Kårbø says:

-Hordaland County Council supports zero emission technology. Our Councillors have decided to invest in two hydrogen cars, as soon as a hydrogen charging station has come into place in Bergen.

Contact: [Solve.sondbo@hfk.no](mailto:Solve.sondbo@hfk.no)



## International transport network

International Association of Public Transport (UITP) is a world-wide NGO that works to promote public transport in urban areas. UITP has 1,400 members in almost 100 countries from public transport authorities and operators, policy decision-makers, research institutes and the public transport supply and service industry. Hordaland County Council, Bergen Light Rail and Skyss are members of UITP, together with the City of Bergen.

UITP supports the public transport sector by working to make sustainable mobility issues a political priority, encouraging innovation and by fostering excellence. The aim of the organization is to work to enhance quality of life and economic well-being by supporting and promoting sustainable transport in urban areas worldwide.

UITP is a good arena to gain knowledge and network for development of public transport. The organization has different working groups. For Hordaland the groups for Light rail and for Trolley busses are of particular interest. [http://www.UITP.org/](http://www UITP.org/)



Bergen Light Rail

Contact: [Matti.Torgersen@hfk.no](mailto:Matti.Torgersen@hfk.no)

## Nordic library conference in Bergen

*«Libraries Change Lives» was the title of the Nordic conference in Bergen 12th-14th June 2016. The Halmstad conference has been organized since 1991 and is an important meeting place for Nordic librarians and politicians. At the conference current issues are discussed regarding the development of libraries, from a political and strategic perspective. Important topics this year were: the library as an engine for urban development; the role of the public library in the integration of refugees and immigrants and a library's social responsibility.*

The former Libraries and Information Services Manager in Edinburgh Liz McGettigan's key note speech about digital libraries, created enthusiasm. She said that libraries are more important than ever. They challenge google, using librarians expertise to add unique content, let customers contribute and are safe and trusted spaces for children. The greatest threat to libraries is lack of imagination. Librarianship of the future is not for those who seek a quiet refuge or who won't embrace ongoing change in the information, technology and community needs landscapes.

### Regional libraries

New this year was a meeting before the main conference between 26 representatives of regional libraries, discussing topics of mutual interest. For the Norwegian participants it was especially interesting to hear about the experiences of their neighbour colleagues following the regional reforms in Denmark and Sweden.


"The conference communicated strongly that libraries are complex institutions with multiple purposes. It is a challenge to communicate this to politicians to make them realise this and to prioritize funding for libraries in tough economic times", says Head of Hordaland County Library Ruth Ørnholst.

In total 155 participants from Norway, Sweden and Denmark were gathered in Bergen, and found the city bathing in sunshine. The conference is named after the city of Halmstad in Sweden, where it was first organized by Halland County Library in 1991. This year it was organized by Hordaland County Library in cooperation with Bergen Public Library, Kultur Halland, Mölndals Public Library, Aarhus Municipality Libraries, with financial support of the National Library and Hordaland County Council.



Finally, the library managers from Oslo, Stockholm and Aarhus discussed what will be the 2020 challenges for libraries.

Contact: [Ruth.Ornholst@hfk.no](mailto:Ruth.Ornholst@hfk.no)



Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN  
NORWAY  
Tel: +47 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland County Council is responsible for developing Hordaland society. We provide upper secondary education, dental health services and public transport for our citizens. We develop the road system and facilitate growth, economic development and cultural activities. The Council is the county's political decision-making body. As part of national and global society we are responsible for taking care of the past, the present and the future in Hordaland.



## Notat

Dato: 15.09.2016  
Arkivsak: 2014/54-28  
Saksbehandlar: marerik

---

Til: Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Bymiljøavtale for Bergen - status for arbeidet

Viser til sak i fylkestinget 10. mars 2015 (sak 13/2105); «Bymiljøavtale for Bergen – organisering og vidare arbeid». Her følgjer ein orientering om status for pågående arbeid med å få på plass ein bymiljøavtale for Bergen. Bergen kommune legger fram ein tilsvarende sak i bystyret i oktober.

#### Status

Den 4. mai 2015 vart ei interimstyringsgruppe for arbeidet konstituert, jf. vedtakspunkt 2 i sak 13/2015. Vegdirektøren er leiar av styringsgruppa som også består av; jernbanedirektør, fylkesordførar og byråd for byutvikling. Fylkesmannen deltar som observatør. So langt har det vore ytterlegare fem møter i styringsgruppa. Tema som har vore oppe i møte er avklaring av forventning mellom partane, klargjering av viktige premiss og føresetnader for ein avtale.

Dei formelle forhandlingane har ikkje starta opp. Det skjer først når Vegdirektoratet har motteke eit forhandlingsmandat frå Samferdselsdepartementet. Staten har hatt eit ønske om å sluttføre forhandlingane i Trondheim og Oslo, før forhandlingar med Bergen og Nord-Jæren kunne starte opp. Det er fleire årsakar til at Trondheim og Oslo fekk første prioritert. Arbeidet i Trondheim har vore mindre komplisert på grunn av at det ikkje har vore behov for å endre finansieringsgrunnlaget (bompengesordninga) før inngåing av ein 1. generasjons avtale. I Oslo var arbeidet med å reforhandle finansieringsgrunnlaget for Oslopakke 3 allereie starta opp, slik at eit viktig grunnlag for bymiljøavtalen vart forhandla fram parallelt.

#### Trondheim

Forhandlingane i Trondheim er avslutta og ein avtale kom i stand 12. februar 2016. Avtala vart sanksjonert av bystyret 31. mars og av fylkestinget 27. april 2016. Dei statlege finansieringsbidraga i avtalen er som følger:

- 1,4 mrd. kroner statlege midlar til første byggetrinn av Superbussatsinga (50 % av kostnadene)
- 1 mrd. kroner til tiltak på riksveg innanfor programområda kollektiv, sykkel, gange og miljø
- 1,36 mrd. kroner til vidareføring av belønningsordninga, 170 mill. kr per år (2016-2023)
- 100 % finansiering av jernbaneinvesteringar

Trondheim kommune og Sør – Trøndelag fylkeskommune har forplikta seg til å vidareføre porteføljen og finansieringsløysingane i Miljøpakken, samt 50 % finansiering av Superbussatsinga. I tillegg har dei forplikta seg til å følgje opp arealpolitikken (fortetting), sørge for rasjonell framdrift av superbussprosjektet, gjennomføre nødvendige restriktive tiltak for å sikre måloppnåing, samt samarbeidet om å utvikle eit samanhengande gang- og sykkelvegnett.

Etter at KS 2 er gjennomført, og styringsramma er fastsatt av Stortinget, vil ikkje staten bidra til å dekke eventuell kostnadsoverskridning ved Superbussatsinga. Eventuell kostnadsoverskridning må difor handterast gjennom utvida lokal finansiering eller redusert utbygging av andre prosjekt. Staten har forplikta seg til å betale ein større del av driftskostnadane til kollektivtransporten. Fram til det er avklart korleis meirkostnadane til drift skal finansierast, vil derimot Miljøpakkesamarbeidet ta ansvar for eventuell auke i driftskostnader.

#### Oslo

6. juni 2016 vart partane i Oslo samde om rammene for revidering av Oslopakke 3. Forhandlingane om ein bymiljøavtale har skjedd i ein eigen prosess og er per i dag ikkje ferdigforhandla.

#### **Om bymiljøavtale for Bergen**

Hovudføremålet med å inngå ein bymiljøavtale er å definere den framtidige satsinga på transport-infrastrukturen i Bergen, i eit forpliktande samarbeid mellom stat, fylkeskommune og kommune. Partane må bli samde om tiltak, finansiering og korleis arbeidet skal administrerast. Ein bymiljøavtale vil vera rammeverket for ein ny bompengepakke, ein pakke som på same tid vil overta bindingar og prosjekt frå Bergensprogrammet. Pakka har følgjande arbeidstittel; *Miljøpakke Bergen*.

Mål og strategiar i bypakka skal gjere det mogleg å nå hovudmålet om nullvekst i biltrafikken, samt eventuelle strengare lokale mål; jf. bystyret i Bergen sitt vedtak om 10 % reduksjon i biltrafikken. I bypakken skal dei viktigaste investeringsprosjekta og tiltaka i dei neste 10 til 20 åra definerast, og det skal tas i bruk aktiv porteføljestyring for å prioritere dei tiltaka som på best mogleg vis bidrar til måloppnåing. Det vil vere naturleg at bypakken inneholder tiltak både på riksveg, fylkesveg og kommunal veg. Det er i kontrast til Bergensprogrammet som i hovudsak har tiltak på fylkesveg.

Adelheid Nes er tilsett som sekretariatsleiar for den nye bypakken. Sekretariatsleiaren er formelt tilsett i Statens vegvesen, men sekretariatet vil vere ein nøytral part både i forhandlingane og i oppfølging og styring av pakken. Arbeidet med å førebu forhandlingane skjer i regi av interimstyringsgruppa.

Sekretariatsleiaren har knytt til seg representantar frå alle partane, og gjennomfører nødvendige grunnlagsutgreiingar, med særleg fokus på følgjande tema:

- Utarbeide styringssystem for ny bypakke
- Avklare og dokumentere at statlege krav knytt til bymiljøavtaler er oppfylt
- Definere satsingsområder og innretning på prosjektporlefølje som skal inngå i avtalen/bypakken
- Vurdering av finansieringsgrunnlag for å realisere ønska investeringar

I samband med dei kommande forhandlingane er det særleg dei to siste strekpunkta som utmerker seg som viktige for å kunne bli samde om ein avtale. Dette arbeidet pågår, og ambisjonen er at eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å gjennomføre gode og effektive forhandlingar denne hausten skal vere klart. Når det gjeld hovudinnsatsområder og innretting av prosjektporleføljen, er det tydeleg at Bybanen IV og V er dei store og viktige prosjekta.

I arbeidet som er gjennomført fram til no er behovet for ytterlegare lokal finansiering, utover det som ligger i Bergensprogrammet, tydeleg. For dei aller fleste tenkte scenarier for kva ein bymiljøavtale/bypakke skal innehalde av nye investeringar, vil krevje ytterlegare lokal finansiering utover det som ligger i gjeldande

Bergensprogrammet. Behov for auka lokal finansiering betyr at inntektene fra dagens bompengeordning må auke. Ei slik auke kan gjennomførast på ulike måter. Enten må dei som betaler i dag betale meir, eller så må bomringen utvidast til å omfatte fleire bilister, eller så kan ein kombinere desse to. Behov for endringar i bompengeordninga betyr at ein ny bypakke vil krevje ein ny bompengesøknad til Stortinget.

### Framdrift og milepåler

Følgjande må vere på plass før ein bypakke er etablert:

- Alle partar, stat, fylkeskommune og kommune, må vere samde om eit avtaleutkast
- Avtaleutkastet må vere godkjent gjennom politiske vedtak i bystyre, fylkesting og regjering
- Nødvendig finansieringsgrunnlag for ny bypakke (ny bompengesøknad) må vere godkjent i bystyre, fylkesting og Stortinget

Dei tre partane har ein ambisjon om å greia å vere samde om eit avtaleutkast før utgangen av 2016. Det vil gjere det mogleg å få ein politisk handsaming av avtalen våren 2017. Det betyr også at partane kan innarbeide sine finansielle bindingar inn i budsjettarbeidet for 2018, parallelt med handsaming av ny bompengesøknad. Med ein slik framdrift, kan ein ny bypakke starte opp 1. januar 2018.

Bergensprogrammet vil såleis gjelde fram til 2018. Plan- og byggeprogram for 2017 vert utarbeida og lagt fram til politisk handsaming i samsvar med vanleg praksis.

### Tilhøve til Nasjonal transportplan (NTP)

Det er behov for å få på plass ein bymiljøavtale for Bergen før ny NTP 2018-2029 er vedtatt. Hovudgrunnen er behovet for statleg finansiering til Bybanen byggetrinn IV allereie i 2017. Dette gjeld finansiering av førebuande arbeid, inkludert grunnerverv og nødvendig utfylling i Store Lungegårdsvann. Semje om ein bymiljøavtale i 2016 er difor viktig å kunne utløyse dei nødvendige statlege budsjettmidlane i 2017.

Dette betyr at 1. generasjons bymiljøavtale vil vere knytt til rammene i gjeldande NTP 2014-2026, på 26 mrd. kroner i heile perioden. I transportetatane sitt grunnlagsdokument, datert 28. februar 2016, er det som kjent forslag om ein omfattande auke i rammene til bymiljøavtaler på 66,5 mrd. kroner i neste NTP-periode. Regjeringa vil legge fram stortingsmelding om ny NTP 2018-2029 våren 2017, med handsaming i Stortinget før sumaren 2017.

På grunn av dette vil reforhandling av avtale skje relativt raskt (2018/2019) og 1. generasjons bymiljøavtale vil ha kort levetid. 1. generasjons bymiljøavtale og bompengesøknaden vil måtte ta omsyn til sannsynlege rammer i den nye NTPen. Ein reforhandling av bymiljøavtalen i 2018 eller 2019 må for eksempel kunne gjennomførast utan ytterlegare endringar i lokalt finansieringsgrunnlag (bompengeavtale).

### Forhandlingsutvalg

I sak 13/2015, vedtakspunkt 3, har fylkestinget vedtatt at styringsgruppa kan setja ned eit eige forhandlingsutval etter modell frå Oslopakke 3. Forhandlingsutvalet er i praksis ei utviding av styringsgruppa med fleire lokale representantar, inntil to personer frå høvesvis fylkeskommune og kommune. I Oslopakke 3 er det praksis for at både Oslo kommune og Akershus fylkeskommune har med representantar frå opposisjonen. Forhandlingsutvalet har ein viktig funksjon ved framforhandling av ein bymiljøavtale, og ved handsaming av større prinsipielle saker og spørsmål som gjeld hovudlinene i den nye bypakka, når den er etablert. Interimstyringsgruppa har ønskje om å opprette eit slik utval, og har bedt partane om å peika ut sine representantar.

Med bakgrunn i vedtakspunkt 3, sak 13/2015, legg fylkesrådmannen opp til, etter modell frå Oslopakke 2, at følgjande to representantar skal delta i forhandlingsutvalet saman med fylkesordføraren:

- Leiar av det største opposisjonspartiet i fylkestinget, Mona Røsvik Strømme (H)
- Leiar av utval for miljø og samferdsel, Nils T. Bjørke (Sp)

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har lenge hatt ønskje om å komme i gang med reelle forhandlingar. Fylkesrådmannen er opptatt av at alle partar no er samstemte om ein framdriftsplan og at målet om eit ferdig avtaleutkast ved utgangen av 2016 vert nådd. I tida som har gått er det gjort en grundig jobb med viktig grunnlagsdokumentasjon og nødvendige analyser, som vil vere viktig når dei reelle forhandlingane starter opp.

Det er viktig at fylkestinget vert orientert om arbeidet for å vere førebudd på forhandlingar og forankring av avtaleutkast, samt arbeid med ny bompengesøknad for bompengeringen i Bergen. Jamfør vedtak i sak 13/2015 punkt 4 skal det etablerast ei politisk referansegruppe for å ivareta behovet for informasjon og politisk forankring fram mot politiske vedtak om bymiljøavtalen. Når dei reelle forhandlingane er starta opp og det er noe å melde frå forhandlingane, vil fylkesrådmannen ta initiativ til møte i den politiske referansegruppa.



**Notat**

Dato: 24.08.2016  
Arkivsak: 2016/412-18  
Saksbehandlar: knudjuv

---

Til: Utval for miljø og samferdsel

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

**Oversendingsforslag frå Utval for miljø og samferdsel**

Møte	Oversendingsforslag i valperioden 2015-2019	Forventa svar til MISA	Svar til utval for miljø og samferdsel
14.01.16	Gustav Bahus stilte spørsmål om kvifor ein prioriterer oppsetting av ny mur langs Lepsøyvegen når vegen skal leggast om innan vinteren er over.	Oktober	
10.02.16	Geir Angeltveit stilte spørsmål om kva planar Skyss og opplæringsavdelinga har for å sikre tilgjengeleg kollektivtilbod for elevane i fylket, som gjev dei reell valmogelegenhet	Oktober	
10.02.16	Natalie Golis stilte spørsmål om kva status er på innføring av kortbetaling på Hardangerbussen.	Oktober	
10.02.16	Geir Angeltveit stilte spørsmål om ein kan få avklart vegstatus på Storesvingen mot Rubbestadneset på Børmlø, og om det er mogeleg å få veglys som eit trafikksikringstiltak for syklistar og gåande.	November	
07.04.16	Marthe Hammer stilte spørsmål om kor mange bruer som er tilrettelagt for gåande og syklande, og kva som kan gjerast for å få dei tilrettelagt for det, og kostnadene med dette.	Oktober	
07.04.16	Roald Kvamme stilte spørsmål om korleis Hfk sin lærlingeeklausul blir praktisert i nye kontraktar for bussanbod.	Oktober	
02.06.16	Jon Askeland ba om administrasjonen sin vurdering av problemstillingar knytt til tømmertransport	Oktober	
02.06.16	Gustav Bahus ba om kommentar til situasjonen med ferjene i Hordaland	September	RS --/16 til samferdselsutvalet 06.09.16





## Notat

Dato: 26.08.2016  
Arkivsak: 2016/412-19  
Saksbehandlar: knudjuv

---

Til: Utval for miljø og samferdsel

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål - status på innføring av kortbetaling på Hardangerbussen

I møtebok til Misa sitt møte 10.02.2016 er det teke inn følgjande oversending:

*Natalie Golis (MDG) spurde om kva som er status på innføring av kortbetaling på Hardangerbussen*

Skyss har eit billetteringssystem der løysning for betaling med kort ikkje er integrert. Det å innføre betaling med kort om bord på bussane i Hordaland vil ha ein vesentleg kostnad knytt til installering og vedlikehald og er derfor ikkje noko som har blitt prioritert innanfor stramme budsjettrammer. I sommar har ein prøvd ut ei løysing med kortterminal på turistruta som køyrer frå Gudvangen, og dette forsøket blir evaluert no i september.

Skyss har stor forståing for at ein blir oppfatta som gamaldags og lite kundevenleg når ein ikkje tilbyr betaling med kort om bord. På bakgrunn av dette har ein sett i gong eit arbeid med å utgreie moglege betalingsalternativ for busskundar utanfor sone Bergen med fokus på dei lange rutene som til dømes Odda – Bergen og Voss – Norheimsund - Bergen, på kort og mellomlang sikt.



## Notat

Dato: 21.09.2016  
Arkivsak: 2016/412-24  
Saksbehandlar: knudjuv

---

Til: Utval for miljø og samferdsel

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om studentrabatt

I møtebok frå Misa 6. september 2016 er det teke inn følgjande spørsmål frå representanten Gustav Bahus (Frp):

*«Har administrasjonen planar om å utvida ordninga med studentrabatt på kollektiv ut over den aldersgrensa som er i dag.*

*Det er svært diskriminerande at studentar over denne grensa vært behandla ulikt med andre studentar i 100 % studiar.»*

Ordninga med studentrabatt på kollektivreiser er ei nasjonal ordning som skal «bidra til å gjøre kollektivtransport meir attraktiv for ungdom for dermed å skape gode reisevaner for denne målgruppa for framtida.» (regjeringen.no). I Hordaland er aldersgrensa for studentrabatt sett til 32 år, dette er høgare enn dei nasjonale retningslinene på 30 år, som mellom anna vert praktisert av Ruter i Oslo og Akershus. Det vert løyvd statlege middel til ordninga for «å dekke kostnadene ved at studentar og skulelever inntil 30 år får 40 prosent rabatt i forhold til den gjeldande periodekortprisen for vaksne på tilskotsberettiga kollektivtrafikk, samt NSB.» (regjeringen.no)

I Statens vegvesen si Handbok v821 har ein under nasjonale retningslinjer for kundekategoriar følgjande definisjon: «Student - Heiltidsstudent ved høgskule eller universitet mellom 19 og 30 år (f.o.m. fylte 19 år t.o.m. den månaden ein fyller 30 år).»

Den einskilde fylkeskommune kan velje å praktisere ei ordning som er betre enn føringane frå staten, noko som er gjort i Hordaland. I Vegdirektoratets anbefaling, «På veg mot nasjonalt takstsystem» frå 18. mai 2015, heiter det om studentkategorien: «Den aldersbegrensninga på 30 år som er brukt i Samferdselsdepartementets forordningar foreslås beholdt inntil vidare. Dette både på grunn av at det skal være forholdsvis enkelt å kontrollere og på grunn av at de fleste avsluttar heiltidsstudiar innan dei er 30 år.»

Administrasjonen har på bakgrunn av dei nasjonale retningslinjene ikkje tenkt å tilrå at ein utvider ordninga med studentrabatt i Hordaland ved å auke aldersgrensa.



## Notat

Dato: 20.09.2016  
Arkivsak: 2016/412-22  
Saksbehandlar: knudjuv

---

Til: Utval for miljø og samferdsel

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om utskifting til LED-lys på vegarmatur

I møtebok frå møte i Utval for miljø og samferdsel 6. september er det teke inn følgjande spørsmål frå representanten Øyvind Hardeland (A):

«*Hordaland fylkeskommune driftar veglysa langs fylkesvegane på følgjande måte:*

*Fylkeskommunen betalar for straumforbruket.*

*Driftsutgifter for vedlikehald av linjer og utskifting av armatur vert kompensert etter ein fast sum med kvar enkelt kommune.*

*Etter nye krav kan det ikkje nyttast armatur med kvikksølv lampar ved utskifting til nye.*

*Ein lyt derfor skifta desse ut til eventuelt LED-lys. Dette er ein kostnad som kommunane vanskelig kan ta aleine for fylkeskommunale vegarmatur.*

*Innanfor fagmiljø meiner ein at det er store besparing av straumforbruk og stor miljøgevinst dersom alle veglysa vert skifta over til LED. Det vert hevda at det vil vera økonomisk gevinst å låna til utskifting.*

*Spørsmålet er derfor:*

*Kan Hordaland fylkeskommune ta initiativ for å løysa denne utfordringa?»*

Spørsmålet vert i sin heilskap søkt avklart i samband med rulleringa av HFK sin drift og vedlikehaldsstrategi. Det vert lagt opp til sak om dette i MISA i desember.



## Notat

Dato: 20.09.2016  
Arkivsak: 2016/412-21  
Saksbehandlar: knudjuv

---

Til: Utval for miljø og samferdsel

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om rutinar for vedlikehald av haldeplasser

I møtebok for møte i Miljø og samferdsel 6. september 2016 er det teke inn følgjande spørsmål frå representanten Astrid Aarhus Byrknes (KrF):

«*Kva rutinar gjeld for vedlikehald av haldeplassar ( buss/bane og båt ) og er det eit vedlikehaldsetterslep på eit slikt arbeid?*»

Fylkesvegane/båt:

Vedlikehald av haldeplassane til fylkesvegane/kai er tatt inn i driftskontraktane. Entreprenørane har ansvar for å levere kvalitet som i samsvar med kontrakt. Statens vegvesen har ansvar for å følge opp at det daglege drift/vedlikehald som blir utført av entreprenørane, er i samsvar med kontrakt.

Det er variabel standard på haldeplassane i Hordaland, det er difor et betydeleg vedlikehaldsetterslep.

Bybanen:

Bybanen AS har ein kvalitetskontrakt med Bydrift AS for dagleg vedlikehald av haldeplassar. I kontrakten inngår alt reinhald, søppeltømming og fjerning av graffiti. Vidare inngår rapportering av skader.

Skadereparasjon utføres i regi av Bybanen AS.

Det er pr. i dag ikkje vedlikehaldsetterslep på desse anlegga.



## Notat

Dato: 16.09.2016  
Arkivsak: 2015/6769-3  
Saksbehandlar: stiolse

---

Til: Utval for miljø og samferdsel, fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

## Utløysing av opsjon – transportkontraktar

I transportkontraktane Skyss har med operatørar av buss, bybane, båt og ferje har ein i dei fleste tilfelle moglegheit til å utløse opsjonsår. Det er no gjort ei vurdering av bruk av opsjonar i kontraktar som har utløp dei nærmeste åra. Fylkesrådmannen vil med dette informere om resultatet av opsjonsvurderingane og kva som har vore sentrale faktorar for avgjerslene.

Vurderingar av kostnad, kvalitet i leveransen, miljø og mogleg framdrift for nytt anbod har blitt lagt til grunn for avgjerslene.

### Busskontraktar

Tabellen under viser kontraktane som har vore vurdert og eventuelt ny utløpsdato for kontraktar der opsjon er løyst ut.

Kontrakt	Operatør	Opphavleg kontraktsutløp	Opsjonsmøglegheit	Nytt kontraktsutløp
Osterøy	Tide AS	01.03.2018	+1 +1	01.03.2020
Vest	Nettbuss AS	24.06.2019	+ 5mnd +1	-

Skyss har vald å løyse ut opsjon på to år for kontrakten Osterøy. Avgjersla om å løyse ut opsjon på kontrakten er basert på ei samla vurdering, der det har blitt konkludert med at dagens kontrakt fungerer godt. Andre sentrale faktorar har vore at nytt kontraktutløp ved opsjon fell nærmare utløpet for bybusskontraktane. Dette legg til rette for å vurdere inndelinga av ruteområde i kontraktane i samband med nye anbod.

Skyss har vald å ikkje løyse ut opsjon for kontrakten Vest. I løpet av kontraktperioden har det her vore gjort relativt store endringar i produksjonen, og ein ser ikkje rom for ytterlegare vidareutvikling innanfor dagens kontrakt. I tillegg ser ein det som hensiktsmessig å ikkje gjennomføre anbodskonkuransen for dette området samstundes med dei store Bergenskontraktane, med bruk av opsjon ville desse gå om lag samstundes.

## Bybanen

Skyss har vald å løyse ut det siste opsjonsåret for bybanekontrakten. Skyss har tidlegare løyst ut opsjon på eitt år for same kontrakt. Tabellen under viser ny utløpsdato for kontrakten.

Kontrakt	Operatør	Opphavleg kontraktsutløp	Opsjonsmoglegheit	Nytt kontraktsutløp etter utløyst opsjon
Bybanen	Keolis AS	01.07.2018 (inkl. eitt opsjonsår)	+1	01.07.2019

Avgjersla om å løyse ut opsjon på kontrakten er basert på ei samla vurdering, der ein sentral faktor har vore at det pågår ei evaluering av dagens driftsmodell for Bybanen (som meldt til MISA i sak RS 43/2016). Skyss meiner det vil vere ein fordel å kjenne til utfallet av denne evalueringa før ny kontrakt blir utarbeidd og lyst ut.

Basert på utvalde kriterium for kostnad og kvalitet er det Skyss si vurdering at bybanekontrakten samla sett fungerer godt, og at det ikkje er presserande å sette i gong ein ny anbodsrunde.

## Båt

Tabellen under viser kontraktane som har vore vurdert og eventuelt ny utløpsdato for kontraktar der opsjon er løyst ut.

Kontrakt	Operatør	Opphavleg kontraktsutløp	Opsjonsmoglegheit	Nytt kontraktsutløp
Turistrute Hardanger (Norheimsund - Herand - Utne – Kinsarvik – Lofthus – Ulvik – Eidfjord)	Norled AS	31.12.2018	+1	31.12.2019
Kleppestø - Strandkaien	Norled AS	31.12.2017	+1 +1 +1	-
Nordhordland (Knarvik – Frekhaug – Bergen)	Norled AS	31.12.2018	+6 +2 +2	-

Avgjersla om å løyse ut opsjon på kontrakt Turistrute Hardanger er basert på ei samla vurdering, der ein sentral faktor har vore at Skyss ønskjer å gjennomføre ei utgreiing av mogleighetene for miljøløysing på sambandet før utlysing av ny kontrakt. Basert på utvalde kriterium er det Skyss si vurdering at kontrakten Turistrute Hardanger samla sett fungerer godt, og at det ikkje er presserande å sette i gong nye anbodsrundar.

Skyss har vald å ikke løyse ut opsjonar for kontraktane Kleppestø - Strandkaien og Nordhordland. Sentrale faktorar som har lagt til grunn for avgjersla er mellom anna:

- behov for å vurdere kapasitetsauke på sambandet Kleppestø – Strandkaien,
- stor usikkerheit knytt til når det vil vere mogleg å starte opp miljøvennlege framdriftsløysingar på sambandet Kleppestø – Strandkaien på grunn av plan- og utbyggingsprosess på Kleppestø (sjå

politisk sak om plan for bybåtsamband for meir informasjon om dette),

- behov for å vurdere framtidig kapasitet på sambandet Knarvik - Frekhaug - Bergen. Skyss vurderer at det kan bli behov for større fartøy på kortare sikt enn det opsjon på seks år tillet,
- samordning av kontraktutløpa for bybåtsambanda legg til rette for å slå saman sambanda i ein kontrakt i neste anbod,
- kostnadane ved ny kontrakt er usikre, men samanslåing av kontraktane til ein felles kontrakt kan medføre moglegheit for meir effektiv ressursbruk for operatør og auka konkurranse i marknaden om kontrakten.



## Notat

Dato: 22.09.2016  
Arkivsak: 2016/6087-2  
Saksbehandlar: annvedv

---

Til: Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Hordaland som eitt løyvedistrikt og miljøkrav til drosjebilar i løyvedistriket**

I møteprotokoll frå fylkesutvalet 23.08.16 er det teke inn følgjande:

*I samband med «RS 116/16 Svar på oversendingsforslag om miljøkrav til drosjenæringa» spurde Tom Sverre Tomren (MDG) om det er mogleg å dele løyvedistriket Hordaland i fleire delar.*

I møteprotokoll frå Utvalet for miljø og samferdsel 07.09.2016 er det teke inn følgjande:

*I samband med RS 60/16 «Svar på oversendingsforslag om miljøkrav til drosjenæringa» kommenterte Natalie Golis (MDG) kravet om at det skal setjast ein frist på minst fire år for å oppfylle krav om ei øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Ho spurde om utval for miljø og samferdsel kan fremje ei slik sak.*

#### **1. Hordaland fylke som eitt løyvedistrikt**

Det går fram av yrkestransportlova § 37, første ledd, første punktum at

*«Dersom løyvemyndigheten ikke treffer annet vedtak, skal for drosjeløyve, selskapsvognløyve og løyve for persontransport for funksjonshemmede den enkelte kommune utgjøre et løyvedistrikt.»*

Eit løyvedistrikt er eit geografisk område der drosjar har konsesjon til å driva persontransport mot vederlag. Turar utanfor eige løyvedistrikt kan berre skje på nærmare vilkår, jf. yrkestransportforskrifta § 47. Ledige drosjeløyve vert tildelt etter ansiennitet til kvalifiserte søkerar, og ein opparbeider berre ansiennitet gjennom drosjekøring i det løyvedistriket ein søker løyve.

Det er fylkeskommunen som er løyvestyresmakt for drosjeløyve. Etter gjeldande regelverk har løyvestyresmaka mynde til å gjera endringar i grensene for løyvedistriket.

Hordaland fylke har vore eitt løyvedistrikt sidan 1. april 1993, jf. samferdselsutvalet sak nr. 17/93. Løyvedistriket er delt opp i ulike køyreområde. Eit køyreområde kan omfatta ein eller fleire kommunar. I kvart køyreområde er det sentralar som har einerett til å driva drosjeformidling innanfor sitt køyreområde. Det er i tillegg nokre enkeltståande bustadløyve i fylket.

Å oppretthalda Hordaland som eitt løyvedistrikt er viktig for samordninga av sjuketransporten i fylket og gjev store innsparingar. Inndelinga i løyvedistrikt har òg konsekvensar for tildelingsprosessen for drosjeløyve. Søkjurar til ledige løyve i Hordaland opparbeider ansiennitet i heile fylket og kan såleis søkja om løyve kvar som helst i fylket. Heile fylket er éin arbeidsmarknad som gjev større fleksibilitet, eit betre drosjetilbod til publikum og betre samordning av sjuketransporten.

Det går fram av Prop. 140 L til stortinget, s. 11 at

**«Samferdselsdepartementet meiner at omsynet til likehandsaming og like konkurransevilkår må vere utslagsgjevande, og held fast føresetnaden i høyringsframlegget om at vedtak om innføring av særlege miljøkrav må gjelde heile løyvedistriket. I den grad det tek tid å leggje til rette for naudsynt infrastruktur i utkantdistrikt, kan løyvestyresmakta bruke den retten dei har til å kunne fastsetje midlertidige lokale løyvegrenser til slik infrastruktur er på plass for å hindre ulik konkurranse.»**

Med dagens regelverk kan ein ikkje sjå at ein ut frå miljøomsyn åleine kan stilla særskilde krav til drosjebilane i berre delar av løyvedistriket. Dersom og når lovforslaget vert vedteke, vil det vera mogleg midlertidig å fastsetja at t.d. Bergen køyreområde vert eit eige løyvedistrikt, inntil naudsynt infrastruktur er på plass i distrikta. Ei slik løysing kan som vist få negative konsekvensar på andre område. Fylkesrådmannen vil derfor vidareføra dagens organisering med eitt løyvedistrikt i Hordaland.

## 2. Miljøkrav – oppfyllingsfrist på 4 år

Som det går fram av «Svar på oversendingsforslag om miljøkrav til drosjenæringa», RS 60/16 i MISA, er det med gjeldande regelverk ikkje høve til å stilla særskilde miljøkrav til drosjeløyve som allereie er tildelte, dvs. aktive drosjeløyve.

Ein oppfyllingsfrist på minimum 4 år for eksisterande, aktive drosjeløyve, vil først bli aktualisert dersom og når forslag om endring av yrkestransportlova § 9 vert vedteke av Stortinget. P.t. er lovendringa ikkje vedteke.

Arbeidet med å fastsetja ei øvre utsleppsgrense er krevjande og omfattande. Ved fastsetjing av øvre utsleppsgrense må m.a. fylgjande tilhøve vurderast: kartlegging av kva biltypar som finst tilgjengelege i marknaden som fyller miljøkrava og som samstundes kan nyttast som drosje og som i tilstrekkeleg grad kan ivareta omsynet til alle type brukarar og bruksområde, vurdering av investeringskostnadene for løyvehavarane, tilgjengeleg infrastruktur og kostnader ved tilrettelegging og utbygging av infrastruktur osb.

Samferdselsavdelinga vil starta opp arbeidet med å sjå på moglegheita for å fastsetja ei øvre utsleppsgrense for drosjebilar i Hordaland. Fylkesrådmannen kjem attende med eiga sak om dette.



Arkivnr: 2014/11957-15

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	88/16	06.10.2016
Fylkesutvalet		20.10.2016

**Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte****Samandrag**

Odda Vegfinans AS har i brev frå 8.8.2016 søkt om driftsstøtte for 2016. Odda Vegfinans AS har budsjettet med 230 000 kr. i driftsinntekter i 2016. Det er i budsjettet til Odda Vegfinans AS føresett at fylkeskommunen løyver kr. 130 000 i 2016. Odda kommune har alt vedteke å løyva kr. 100 000 til selskapet. Tilskotta skal finansiera drifta og kapitalutgiftene til selskapet. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjev kr. 130 000 i driftsstøtte til Odda Vegfinans AS for 2016. Løyvinga vert finansiert over utval for miljø og samferdsel sin tilleggsløyvingskonto.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS i driftsstøtte for 2016

Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskott aukar med kr. 130 000
Konto 10 300 290 00 14700	Til rådevelde for MISA går ned med kr. 130 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Odda vegfinans AS - Søknad HFK 2016
- 2 Årsmelding 2015 - Odda vegfinans AS
- 3 Rekneskap 2015
- 4 Styremøte 2016 - 07.06.

## Fylkesrådmannen, 02.09.2016

### Bakgrunn

Odda Vegfinans AS har i brev frå 8.8.2016 søkt om driftsstøtte for 2016. Føremålet med selskapet er å stå for delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunnelløysing for E134 innafor planområdet som er definert i vedtekne kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008. Selskapet vart stifta som eit «pådrivarselskap», som skulle bli til eit bompengeselskap. HFK eig 52% og 12 kommunar eig 4% kvar av selskapet.

### Om ny E134 over Haukeli (Seljestad – Røldal – Vågslid)

Statens vegvesen held på med reguleringsarbeidet for ny veg over Haukeli. Arbeidet er basert på instruks om standardval frå Samferdselsdepartementet. Dimensjonerande fart er 90 km/t og tunnelprofilen er T9,5 (bredd 9,5 meter). Begge dei lange tunnelane (på 12,5 km. og 14,5 km.) og kryss blir regulerte med tanke på framtidig utviding til to løp. Det må lagast ny plan for deponi. Det er lagt opp til at framlegga til reguleringsplanane for heile prosjektet skal kunna leverast Odda og Vinje kommunar tidleg i 2017, dvs. seinast februar. Prosjekta Røldal-Seljestad og Vågsli-Røldal ligg inne som prosjekt i etatsforslaget for NTP (2018- 2029) i siste del av planperioden i alternativet med høg ramme. Prosjektet Vågsli - Røldal er ikkje foreslått fullfinansiert i planperioden. Vegen over Haukeli er føresett delfinansiert med bompengar.

### Frå søknaden om støtte

Odda Vegfinans AS har budsjettet med 230 000 kr. i driftsinntekter i 2016. Det er i budsjettet til Odda Vegfinans AS føresett at fylkeskommunen løyver kr. 130 000 i 2016. Odda kommune har alt vedteke å løyva kr. 100 000 til selskapet. Tilskotta skal finansiera drifta av selskapet, samt kapitalutgiftene som Odda Vegfinans AS har i samband med at selskapet har forskortert planleggingsutgifter på 2,5 mill. kr. til Statens Vegvesen.

### Fylkesrådmannen sine merknader

Ny veg Seljestad – Røldal - Vågslid er eit viktig prosjekt for gjennomføring i løpet av NTP planperioden 2018-2029. Odda Vegfinans AS har i oppgåve å vera ein pådrivar for å realisera dette prosjektet. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjev kr. 130 000 i driftsstøtte til Odda Vegfinans AS for 2016. Slike løyingar vert vanlegvis finansierte over fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto, men denne kontoen er brukt opp for 2016. Fylkesrådmannen rår derfor til at løyvinga vert finansiert over utval for miljø og samferdsel sin tilleggsløyvingskonto.

8. august 2016

Hordaland fylkeskommune  
PB 7900  
5020 Bergen

Sendt: hfk@hfk.no

## Søknad om driftsstøtte for 2016.

Odda vegfinans søkte i fjor om driftstilskot for 2015 (som blei innvilga med 130.000) og for 2016-17.

Vi kan nemne at Odda kommune har vedtatt å løyve 100.000 kr årleg for perioden 2015-17. Budsjettet for 2016 er derfor utarbeidd med utgangspunkt i vedtak fra Odda kommune og tidlegare positive signal fra Hordaland fylkeskommune. Budsjettet for 2016 er lagt ved søknaden.

Årsmelding og rekneskap for 2015 er godkjend av generalforsamlinga den 7. juni. Dette er lagt ved denne sendinga saman med protokoll fra generalforsamling.

Vi har i tillegg lagt ved referat frå styremøtet 7. juni med nytt styre. Referatet syner kva styret ser for seg av arbeid og strategi framover.

Vi håper på positivt svar på søknaden. Ta eventuelt kontakt om saka.

Med vennleg helsing  
Odda vegfinans AS

Børge Skårdal  
97037989; firmapost@oddavegfinans.no

<b>Odda vegfinans AS</b>	
<b>Budsjettksisse 2016</b>	
	<b>2 016</b>
<b>Inntekter</b>	
Tilskot frå Hordaland FK	130 000
Tilskot frå Odda kommune	100 000
Tilskot frå øvrige aksjonærar	
Andre tilskot	
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>230 000</b>
<b>Utgifter</b>	
Møte- og reiseutgifter	10 000
Godtgjering dagleg leiar løn og arb.g.avgift	85 000
Utgifter styret (honorar og tapt arb.forteneste)	50 000
Rekneskap, revisjon og diverse	15 000
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>160 000</b>
Kapitalkostnader	56 250
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>216 250</b>
<b>RESULTAT</b>	<b>13 750</b>

## Årsmelding for 2015.

### **Innleiing.**

Odda vegfinans AS blei stifta 30. november 2010. Føremålet til selskapet er definert i §3 i vedtekten og lyder slik:

Selskapet sitt føremål er å stå føre delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunnelløysing for E134 innafor planområdet som er definert i vedtekne kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008, og å bidra til rask og god realisering av prosjektet. Selskapet har ikkje erverv som føremål.

### **Arbeidet i perioden.**

Det er halde 1 styremøte i 2015.

Saker som det er arbeidd med:

- Årsoppgjer og generalforsamling inkl. saksførebuing
- Prosjektdrøfting og -oppdatering
- Finansiering og økonomi for selskapet inkl. budsjett
- Forlenga avtale med dagleg leiar

### **Forskottering av planleggingsutgifter.**

I tråd med inngåtte avtaler er det betalt ut 2,5 mill kr til Statens vegvesen som forskottering av planleggingsutgifter knytt til E134 Haukelifjell. Utbetalinga er finansiert med tilsvarende låneneopptak i Hordaland fylkeskommune. Desse transaksjonane blei gjort i desember 2012.

Når bompengeninnkrevinga kjem i gong, vil inntektene frå denne dekke inn desse utgiftene.

### **Finansiering og økonomi.**

I 2015 er driftsutgiftene dekt gjennom tilskot frå Odda kommune og Hordaland fylkeskommune.

Odda kommune har også gitt tilslagn om tilskot med 100.000 kr pr år for 2016 og 2017. Hordaland fylkeskommune må søkast årleg.

### **Status planarbeid.**

Det har dessverre dratt ut i tid å få fram reguleringsplanar til kommunal handsaming etter plan- og bygningslova. Det er nå fem år sidan starten på reguleringsarbeidet. Problema har vore knytt til austleg del av prosjektet, men Vegvesenet har sett seg imot å dele reguleringsarbeidet.

Status på arbeidet er nå at Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet i januar 2016 har blitt samde om den standarden som skal leggjast til grunn for vidare planarbeid. Det blir nå antyda at forslag til reguleringsplanar kan vere klare i løpet av 2016.

### **Aust/vest-utgreiinga.**

Statens Vegvesen la 21. januar 2015 fram ein rapport der E134 blir foreslått som det høgast prioriterte aust/vest-sambandet i sør-Norge. Etter ein høyringsrunde har regjeringa gjort eit delvedtak, der E134 blir peika ut som det eine prioriterte sambandet aust-vest, men i alle fall førebels utan «arm til Bergen» slik Vegvesenet foreslo i utgreiinga.

### **NTP 2018-29.**

Plangrunnlaget for NTP 2018-29 som blei lagt fram 29. februar 2016, har delt prosjektet på fjellet i to i Røldal, der Seljestad-Røldal er fullfinansiert i perioden, men med oppstart først i 2022 og føresett høg ramme for NTP.

For dette prosjektet er det lagt inn 900 mill i bompengefinansiering av totalt 4,4 mrd, dvs 20%.

Den andre delen av prosjektet, Røldal-Vågsli, er ført opp med oppstart i 2024 og føresett høg ramme.

Prosjektet er ikkje fullfinansiert i NTP-perioden noko som betyr ferdigstilling etter 2029.

Ei problematisk side ved dette prosjektet er at løysinga det nå blir planlagt etter, ikkje gir full vintersikkerhet.

**Aksjonærforhold.**

Selskapet har 13 aksjonærar. Dette er:

<b>Aksjonær</b>	<b>Aksjetal</b>	<b>Pålydande</b>	<b>SUM</b>
Hordaland fylkeskommune	130	1 000	130 000
Odda kommune	10	1 000	10 000
Vinje kommune	10	1 000	10 000
Seljord kommune	10	1 000	10 000
Vindafjord kommune	10	1 000	10 000
Etne kommune	10	1 000	10 000
Ullensvang herad	10	1 000	10 000
Haugesund kommune	10	1 000	10 000
Tysvær kommune	10	1 000	10 000
Tokke kommune	10	1 000	10 000
Jondal kommune	10	1 000	10 000
Kviteseid kommune	10	1 000	10 000
Kvinnherad kommune	10	1 000	10 000
<b>TOTALT</b>	<b>250</b>	<b>1 000</b>	<b>250 000</b>

**Styre og administrasjon.**

Styremedlem:

Elisabeth Eide Tharaldsen, leiar  
Einar Lutro, styremedlem  
John Opdal, styremedlem  
Hilde Alice Vågslid, styremedlem  
Agnar Aarskog, styremedlem

Personleg varamedlem:

Aslaug Hellesøy  
Anne Marit Buer  
Elisabeth W. Hauge  
Arne Vinje  
Jostein Ljones

Det er utbetalt styrehonorar i samsvar med vedtak på generalforsamlinga i 2015. Selskapet har tilsett dagleg leiar i deltid på ei tidsavgrensa avtale fram til 30.06.2016 . Det er i 2015 utbetalt 75.000 kr i løn til dagleg leiar.

**Andre forhold.**

- Selskapet sitt årsresultat er eit overskot på kr. 21.875 som ein foreslår blir dekt slik:  
Overført til udekka tap: kr. 21.875.
- Føresetnaden om fortsatt drift er til stades, og rekneskapen for 2014 er gjort opp under denne føresetnaden. Selskapet er innvilga skattefritak.
- Selskapet har ingen aktivitet som ureinar det ytre miljøet.
- Arbeidsmiljøspørsmålet er ikkje aktuelt sidan selskapet ikkje har etablert fast kontorplass og det bare er ein tilsett i ein liten deltidsstilling.
- Når det gjeld likestilling i styret, er selskapet bunde av aksjeloven og krav om likerrepresentasjon der offentlege aksjonærar har 2/3 eigarskap eller meir. Fordelinga i styret er to kvinner og tre menn.
- Selskapet sin revisor er Odda Revisjon AS v/ Nils Magnus Berge, revisornummer 997 726 316.

Styret kjenner elles ikkje til forhold av betydning for vurderinga av selskapet si stilling og resultat, og som ikkje kjem fram av rekneskapen. Grunnlaget for framhald av drifta er etter styret sitt syn til stades. Det har etter utløpet av rekneskapsåret ikkje oppståde forhold som etter styret sitt syn har betydning for vurderinga av årsrekneskapen.

Odda, 26. april 2016,

  
Elisabeth Eide Tharaldsen

Elisabeth Eide Tharaldsen, styreleiar

  
Hilde Alice Vågslid

Hilde Alice Vågslid

  
Einar Lutro


Einar Lutro

  
Agnar Aarskog

Agnar Aarskog

  
John Opdal

John Opdal

  
Børge Skårdal, dagleg leiar

**Årsregnskap 2015  
for**

**ODDA VEGFINANS AS**

**Foretaksnr. 996559459**

## Resultatregnskap

	Note	2015	2014
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Annen driftsinntekt	1	230 000	225 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>230 000</b>	<b>225 000</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnad	2	129 399	128 296
Annen driftskostnad	2	18 934	14 925
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>148 333</b>	<b>143 221</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>81 667</b>	<b>81 779</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Annen renteinntekt		2 708	4 253
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>2 708</b>	<b>4 253</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annen rentekostnad	7	62 500	71 502
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>62 500</b>	<b>71 502</b>
<b>NETTO FINANSPOSTER</b>		(59 792)	(67 249)
<b>ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>21 875</b>	<b>14 530</b>
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>21 875</b>	<b>14 530</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>21 875</b>	<b>14 530</b>
<b>OVERF. OG DISPONERINGER</b>			
Fremføring av udekket tap		21 875	14 530
<b>SUM OVERF. OG DISP.</b>		<b>21 875</b>	<b>14 530</b>

**Balanse pr. 31.12.2015**

Note	31.12.2015	31.12.2014
------	------------	------------

**EIENDELER****ANLEGGSMIDLER****Finansielle anleggsmidler**

Andre langsiktige fordringer	3	2 500 000	2 500 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>2 500 000</b>	<b>2 500 000</b>

**SUM ANLEGGSMIDLER**

2 500 000

2 500 000

**OMLØPSMIDLER****Fordringer**

Andre kortsiktige fordringer	0	75 000
<b>Sum fordringer</b>	<b>0</b>	<b>75 000</b>

Bankinnskudd, kontanter o.l.

4

327 804

214 278

**SUM OMLØPSMIDLER**

327 804

289 278

**SUM EIENDELER**

2 827 804

2 789 278

**Balanse pr. 31.12.2015**

	Note	31.12.2015	31.12.2014
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EGENKAPITAL</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Selskapskapital	5,6	250 000	250 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>250 000</b>	<b>250 000</b>
<b>Oppnjent egenkapital</b>			
Udekket tap	6	(10 348)	(32 222)
<b>Sum oppnjent egenkapital</b>		<b>(10 348)</b>	<b>(32 222)</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>239 652</b>	<b>217 778</b>
<b>GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Øvrig langsiktig gjeld	7	2 500 000	2 500 000
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>2 500 000</b>	<b>2 500 000</b>
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>2 500 000</b>	<b>2 500 000</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Skyldig offentlige avgifter		24 652	0
Annen kortsiktig gjeld	7	63 500	71 500
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>88 152</b>	<b>71 500</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>2 588 152</b>	<b>2 571 500</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>2 827 804</b>	<b>2 789 278</b>

Odda. 31.12.2015 / .....2016  
 Styret for ODDA VEGFINANS AS

Elisabeth Eide Tharaldsen  
 Styreleiar

Einar Lutro  
 Styremedlem

John Opdal  
 Styremedlem

Hilde Alice Vågslid  
 Styremedlem

Agnar Aarskog  
 Styremedlem

Børge Skårdal  
 Daglig leder

## Noter 2015

### **Regnskapsprinsipper**

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven av 1998 og god regnskapsskikk for små foretak.

### **Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld**

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsværende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbriegående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

### **Bankinnskudd, kontanter og lignende**

Bankinnskudd, kontanter ol. inkluderer kontanter, bankinnskudd og andre betalingsmidler med forfallsdato som er kortere enn tre måneder fra anskaffelse.

### **Inntekter**

Inntekt ved varesalg regnskafsføres når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovedsak er overført til kunden. Dette vil normalt være tilfellet når varen er levert til kunden. Ved tjenestesalg regnskafsføres inntekt når den er opptjent, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når tjenesten ytes, i takt med at arbeidet utføres. Inntektene regnskafsføres med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

### **Kostnader**

Kostnader regnskafsføres som hovedregel i samme periode som tilhørende inntekt. I de tilfeller det ikke er en klar sammenheng mellom utgifter og inntekter fastsettes fordelingen etter skjønnsmessige kriterier. Øvrige unntak fra sammenstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

### **Skatter**

Selskapet er frittatt for skatteplikt etter skatteloven § 2-32 første ledd.

### **Endring av regnskapsprinsipp, regnskapsår og sammenligningstall**

Det har ikke vært endring av regnskapsprinsipper i løpet av regnskapsåret.

# Noter 2015

## **Note 1 - Annen driftsinntekt**

Andre driftsinntekter består av driftstilskudd fra Odda kommune og Hordaland Fylkeskommune.

## **Note 2 - Lønnskostnad**

	2015	2014
Lønn	75 000	75 000
Styrehonorar	42 000	41 000
Arbeidsgiveravgift	12 399	12 296
<b>Sum</b>	<b>129 399</b>	<b>128 296</b>

Foretaket har daglig leder i deltidsstilling.

Foretaket er ikke pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon, og har derfor ingen pensjonsordning.

### **Ytelser til ledende ansatte**

Det er utbetalt kr: 75 000 i lønn til daglig leder i 2015. Det er ikke utbetalt annen godtgjersle utover dette og styrehonorar til ledende ansatte i 2015.

### **Revisor**

Godtgjørelse til revisor for ordinær revisjon utgjør i 2015 kr: 6 793,- inkl. mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr: 1 865,- inkl. mva.

## **Note 3 - Andre langsiktige fordringer**

Andre langsiktige fordringer består i sin helhet av forskoterte midler til Statens Vegvesen til utarbeiding av reguleringsplaner for E134 i Haukelitunnelane.

## **Note 4 - Bankinnskudd, kontanter o.l.**

Av bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr: 5 014,-

## Noter 2015

### Note 5 - Aksjekapital

Aksjekapitalen i selskapet består av en aksjeklasse.

	Antall	Pålydende	Bokført
Aksjer	250	1000	250 000
Alle aksjene tilhører samme aksjeklasse og gir samme rettighet i selskapet.			
<b>Aksjonær</b>	<b>Aksjer</b>	<b>Eierandel</b>	
Hordaland fylkeskommune	130	52,0%	
Odda kommune	10	4,0%	
Vinje kommune	10	4,0%	
Seljord kommune	10	4,0%	
Vindafjord kommune	10	4,0%	
Etne kommune	10	4,0%	
Ullensvang kommune	10	4,0%	
Haugesund kommune	10	4,0%	
Tysvær kommune	10	4,0%	
Tokke kommune	10	4,0%	
Jondal kommune	10	4,0%	
Kviteseid kommune	10	4,0%	
Kvinnherad kommune	10	4,0%	
<b>Totalt antall aksjer</b>	<b>250</b>	<b>100,0%</b>	

### Note 6 - Egenkapital

	Aksjekapital	Annен еgenkap.	Udekket tap	Sum
Egenkapital pr.01.01	250 000	0	-32 222	217 778
Årets resultat			21 874	21 874
<b>Egenkapital pr. 31.12</b>	<b>250 000</b>	<b>0</b>	<b>- 10 348</b>	<b>239 652</b>

### Note 7 - Øvrig langsiktig gjeld

	2015	2014
Langsiktig gjeld Hordaland fylkeskommune	2 500 000	2 500 000
<b>Sum øvrig langsiktig gjeld</b>	<b>2 500 000</b>	<b>2 500 000</b>

Det er ikke stilt noen form for sikkerhet for lånet. Lånet skal tilbakebetales kort tid etter at bompengeinnkrevingen for anlegget er satt i drift.

Påløpt rentekostnader på lån fra Hordaland fylkeskommune utgjør for 2015 kr: 62 500,-.

Referat frå styremøte 07. juni 2016 på rådhuset i Odda.

**Desse møtte:**

Toralv Mikkelsen, styreleiar  
Gunnar Moland  
May Britt Vihovde  
Tone Edland  
Anne Marit Buer (møtte som vara for Benthe Bondhus)

I tillegg deltok Roald Aga Haug, ordførar i Odda.

Frå administrasjonen deltok Børge Skårdal.

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

**Sak 01/16. Økonomi. Status og finansiering.**

Framlegg til budsjett 2016 og rekneskapsrapport pr. 31.05.16 blei delt ut på styremøtet. Det blei i tillegg gitt ei kort orientering om dei økonomiske rammene for selskapet.

Budsjettframlegget tar utgangspunkt i om lag same aktivitetsnivå som tidlegare år.

**Vedtak:**

- a. Rekneskapsrapport pr. 31.05.16 blir tatt til orientering.
- b. Framlegg til budsjett 2016 blir vedtatt som retningsgjevande for drifta i 2016.
- c. I samsvar med budsjett og tidlegare finansieringsplan vil selskapet søke Hordaland FK om tilskot for 2016 med 130.000 kr.
- d. Selskapet vil ta kontakt med Statens vegvesen for å drøfte tilbakebetaling av forskoterte planleggingsmidlar på 2,5 mill kr.

**Sak 02/16. Avtale om dagleg leiar.**

Avtalen med nåverande dagleg leiar gjeld til 30.06.2016.

Styret drøfta saka med utgangspunkt i dei opplysningane som var sendt ut på førehand og med utgangspunkt i eit justert forslag til forlenging av tilsetjingsforholdet.

**Vedtak:**

Styret godkjenner forslag til tilsetjingsavtale. Avtalen er ikkje tidsavgrensa men kan seiast opp med 3 mnd varsel. Avlønning og andre vilkår er i tråd med tidlegare/inneverande avtale.

**Sak 03/16. Arbeid framover.**

Det var ikkje sendt ut forslag til arbeidsprogram på førehand. Etter ei grundig drøfting samla styret seg om følgjande:

- a. Målet for arbeidet er å fremje tidlegare oppstart av prosjektet Seljestad-Røldal.
- b. Arbeidet vil først og fremst vere fokusert på finansiering, mellom anna vurdering av prosjektet som eit OPS-prosjekt slik regjeringa har varsle og ny oppstart av arbeidet med bompengeordning.
- c. I forhold til bompengeordninga vil vi ta ny kontakt med Statens vegvesen.
- d. I forhold til OPS vil vi kontakte politisk leiing i departementet.
- e. Det er også ønskeleg med kontakt med Stortinget for å fremje prosjektet generelt men også for om mulig å «vidareføre» merknaden i inneverande NTP om tidleg oppstart av bompengeinnkrevinga.
- f. Dagleg leiar må utarbeide ein konkret tiltaksplan.

**Sak 04/16. Eventuelt.**

- a. Det må sendast kopi av vedtekten til styret.
- b. Selskapet vil sende høyringsuttale til NTP. Vi vil fokusere på det som gjeld den aktuelle prosjektstrekninga (Seljestad-Vågsli). Uttalen kan ta utgangspunkt i den delen av høyringsuttalen frå E134 Haukelivegen AS og gjerne spisse den.  
Framlegg til høyringsuttale blir sendt styret med ein kort frist for tilbakemelding.
- c. Det blir tatt sikte på to styremøte for resten av året. Framlegg til datoar blir sendt ut seinare i samråd med styreleiar.

Odda, 7. juni 2016,

---

Toralf Mikkelsen

---

Tone Edland

---

Gunnar Moland

---

May Britt Vihovde

---

Anne Marit Buer



Arkivnr: 2014/278-39

Saksbehandlar: Stine Karoline Olsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	89/16	06.10.2016
Fylkesutvalet		20.10.2016

### Planar for bybåtsambanda og turistrute Hardanger

#### Samandrag

Tre av Skyss sine båtkontraktar har utløp dei nærmaste åra. Bybåtsambanda Kleppestø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug- Bergen har kontraktutløp i 2017 og i 2018, medan Turistrute Hardanger har kontraktutløp i 2019.

Bybåtsambanda Kleppestø – Strandkaien og inngår som ein del av hovudnettet for kollektivtrafikken i Bergen, medan turistrute Hardanger har sin hovedfunksjon for reiselivet i Hardanger.

Frå 1.1.2018 vil Skyss inngå ein ny kortsiktig kontrakt som samlar bybåtsambanda Kleppestø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug - Bergen. I denne kontrakten vil kravet til kapasitet på sambandet Kleppestø – Strandkaien bli auka. Krav til kapasitet på sambandet Knarvik – Frekhaug – Bergen vil bli vurdert som del av anbodsarbeidet. Det blir lagt opp til at ny kontrakt vil gjelde fram til det er mogleg å starte opp ein langsigktig kontrakt som legg til rette for meir miljøvennlege framdriftsløysingar på Kleppestø – Strandkaien. Det vil bli lagt fram politisk sak om strategiske vegval når det gjeld mellom anna rutetilbod (kapasitet, frekvens, driftsdøgn), krav til fartøy, mogleg miljøtiltak også for sambandet Knarvik – Frekhaug – Bergen, kontraktmessige og økonomiske vurderingar.

Kontrakten for Turistrute Hardanger har utløp i 2019. Skyss vil i løpet av 2016 greie ut moglegheiter for miljøtiltak på sambandet. Det vil bli lagt fram politisk sak om strategiske vegval for sambandet i forkant av nytt anbod.

Når det gjeld vedtak om å utarbeide strategi for kollektivtrafikk på sjø (sak 95/2015 i fylkestinget) vil fylkesrådmannen vil kome attende med orientering om rammer og mål for arbeidet.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar orienteringa om overordna planar for bybåtsambanda og Turistrute Hardanger til orientering.
2. Fylkesutvalet er positive til auka kapasitet på sambandet mellom Bergen og Askøy frå 2018.

3. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram sak om strategiske vegval for bybåtsambanda Kleppestø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen i forkant av utlysning av ny langsiktig kontrakt på desse sambanda. Saka skal omfatte vurderinger av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.
4. Fylkestinget ber om å få framlagt sak om strategiske vegval for Turistrute Hardanger i forkant av utlysning av ny kontrakt. Saka skal omfatte vurderinger av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.09.2016**

## 1. Bakgrunn

Tre av Skyss sine båtkontraktar har utløp dei nærmaste åra. Bybåtsambanda Kleppestø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug- Bergen har kontraktutløp i 2017 og i 2018, medan kontrakten for Turistrute Hardanger går ut i 2019. I denne saka vil Skyss gjere greie for planane for desse båtsambanda på kort og lengre sikt.

Den siste tida har det vore pressa kapasitet på enkelte avgangar i rushtid på båtsambandet Kleppestø – Strandkaien. Skyss arbeider med moglege løysingar på desse utfordringane innanfor dagens kontraktperiode. Denne saka omhandlar Skyss sine planar for båtsambandet ved kontraktutløpet i 2017, og moglege løysingar på kapasitetsutfordringane på kortare sikt inngår ikkje som del av denne saka.

Når det gjeld vedtak om å utarbeide strategi for kollektivtrafikk på sjø (sak 95/2015 i fylkestinget) vil fylkesrådmannen vil kome attende med orientering om rammer og mål for arbeidet.

## 2. Bybåtsambanda Kleppestø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug - Bergen

Bybåtkontraktane har utløp i 2017 og i 2018:

- Kleppestø – Strandkaien, 01.01.2015-31.12.2017
- Nordhordland (Knarvik – Frekhaug – Bergen), 01.01.2014-31.12.2018

Båtsambanda Kleppestø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen inngår som del av hovudnettet for kollektivtrafikken i Bergensområdet, der hovudsatsinga for kollektivtrafikken ligg (jf. Kollektivstrategi for Hordaland). Desse sambanda utgjer snarvegar med få eller ingen stopp, som gir reisande frå Askøy og Nordhordland ei effektiv og føreseileg reise inn til Bergen sentrum, spesielt i rushtidsperiodane.

Sambandet Kleppestø – Strandkaien har 22 avgangar tur/retur på kvardagar og ti avgangar tur/retur på laurdagar. Overfartstida er om lag 12-13 minutt. Sambandet blir trafikkert av eitt fartøy med kapasitet på 195 passasjerar.

Sambandet Knarvik – Frekhaug – Bergen har fire daglege avgangar frå Knarvik om morgonen (tre frå Bergen), og tre avgangar frå Bergen om ettermiddagen (to frå Knarvik) på kvardagar. Det er ikkje avgangar på kveld og i helger. Sambandet har ikkje rutetilbod på sommaren, eller i påske- og juleferien. Overfartstida er om lag 27 minutt. Sambandet blir trafikkert av eitt fartøy med kapasitet på 180 passasjerar.

### 2.1. Status for innføring av miljøvennleg framdriftsløysingar på Kleppestø – Strandkaien

Fylkesutvalet vedtok i 2012 at båtsambandet Kleppestø – Strandkaien skulle driftast med miljøvennleg framdriftsteknologi. Skyss starta i 2013 arbeidet med å førebu ein anbodskonkurranse i samsvar med vedtaket. Arbeidet blei utsett som følgje av at Askøy kommune arbeidde med ein

kommunedelplan som innebar ei større utbygging av Kleppestø, herunder kaiområdet. Per september 2016 er ikkje kommunedelplanen til Askøy kommune vedteken, og arbeidet med nytt konkurransegrunnlag for innføring av miljøvennleg framdriftsteknologi på båtsambandet ligg framleis på vent. Det er fleire årsaker til at arbeidet med nytt anbod må avvente utbyggingsprosjektet på Kleppestø:

- Ny anbodskonkurranse må legge forholda til rette for at det skal vere mogleg med elektrisk drift på sambandet. Dette krev at det kan etablerast ladearnstasjon på Kleppestø. Konkurransegrunnlag må gje ei klar skildring av anløpsplass på Kleppestø for heile kontraktperioden (informasjon om plassering av kaianlegg og kva areal som er disponibelt for operatør). Dette er informasjon som ikkje er tilgjengeleg per i dag.
- I byggjepersonen kan det vere behov for at båten periodevis nytta alternativ anløpsplass. Miljøbåt på sambandet er ikkje foreineleg med denne type fleksibilitet.

Det er framleis uklart når det vil vere mogleg å starte opp med miljøvennlege framdriftsløysingar på sambandet Kleppestø – Strandkaien. Tida det tar frå arbeidet med nytt anbod startar opp til drift av ny kontrakt kan starte opp vil vere om lag 3-3,5 år. Mellom anna er det behov for ei oppstartstid på 1,5-2 år mellom signering og oppstart av ny kontrakt for å legge til rette for bygging av eventuelt nytt båtmateriell.

Det er planlagt byggestart i Kleppestø i løpet av 2018. Askøy kommune har tidlegare signalisert at byggearbeidet kan ta fleire år. Ein må i tillegg ta høgde for at det kan kome ytterlegare forseinkingar. Skyss har dialog med Askøy kommune om framdrift i prosessen.

## **2.2. Plan for bybåtsambanda på kort sikt**

Skyss vil lyse ut ny samla kontrakt for begge bybåtsambanda med oppstart i 2018. Etter planen skal ny kontrakt signerast i løpet av våren 2017. Kontrakten vil legge til rette for fartøy med konvensjonell teknologi. Det er planlagt at kontrakten skal ha relativt kort varigheit og gjelde fram til det er mogleg å starte opp ein meir langsiktig kontrakt med miljøvennlege framdriftsløysingar på sambandet Kleppestø-Strandkaien.

Sambanda vil ha ulik oppstartsdato i ny kontrakt, men kontraktutløpet vil vere likt for begge sambanda. Konkret tidspunkt for kontraktutløp vil bli vurdert som del av anbodsarbeidet, og sett i lys av dei nemnte prosessane kring tilrettelegging for miljøvennlege framdriftsløysingar på Kleppestø - Strandkaien.

Kontrakt	Oppstart
«Kontrakt Bybåtsamband»	<b>01.01.2018</b>
Kleppestø – Strandkaien	01.01.2018
Knarvik – Frekhaug – Bergen	01.01.2019

For sambandet Kleppestø – Strandkaien blei anløpet i Bergen flytta frå Nøstet til Strandkaiterminalen frå 1.1.2015 for å få eit større passasjergrunnlag og vere betre knytt til andre kollektivtilbod for reiser vidare. Tiltaket har gitt effekt, og det var 114 000 fleire passasjerar i 2015

samanlikna med 2014, noko som er ein vekst på 34 prosent. Samstundes har passasjerveksten ført til at kapasiteten er pressa på dei mest populære avgangane, og i rushtid på kvardagar har det tidvis vore attståande passasjerar frå båten. På grunn av aukande kapasitetsutfordringar på sambandet vil Skyss legge opp til at kravet til kapasitet blir auka i ny kontrakt, slik at ein frå 1.1.2018 kan tilby plass til fleire reisande mellom Bergen og Kleppestø.

Båtruta mellom Bergen sentrum og Frekhaug/Knarvik har også hatt ei jamn vekst dei to åra sambandet har vore i drift, og veksten i 2015 var på heile 20 prosent. Det er likevel ikkje press på kapasiteten på sambandet per i dag. Kva krav som skal bli stilt til kapasitet på sambandet Knarvik – Frekhaug – Bergen vil bli vurdert som del av anbodsarbeidet for ny kontrakt.

Rutetilbodet på begge båtsambanda vil også bli vurdert som del av anbodsarbeidet for ny kontrakt. I vurderingane vil båttilbodet bli sett i samanheng med busstilbodet på dei same strekningane.

### **2.3. Plan for bybåtsambanda på lengre sikt**

Så snart ein naudsynt informasjon frå utbyggingsprosjektet på Kleppestø er tilgjengeleg, vil ein starte opp anbodsarbeidet for langsiktig bybåtkontrakt. I denne prosessen har fylkeskommunen handlingsrom for å vurdere større grep med begge bybåtsambanda. Det er i denne prosessen ein ser det mogleg å legge til rette for meir miljøvennlege framdriftsløysingar for sambandet Kleppestø – Strandkaien.

Det vil bli lagt fram eigen politisk sak med strategiske vegval for bybåtsambanda, som skal gje rammer for den konkrete utforminga av ny langsiktig kontrakt. Saka vil mellom anna innehalde:

- Rutetilbod. Behov for kapasitet på fartøy, frekvens og driftsdøgn.
- Materiell. Ambisjonsnivå og innføring av miljøvennlege framdriftsløysingar for Kleppestø – Strandkaien. Utgreiing av potensial for miljøtiltak på sambandet Knarvik – Frekhaug – Bergen.
- Kontraktform og kontraktslengde.
- Økonomiske vurderingar.

### **3. Plan for «Turistrute Hardanger»**

Kontrakten Turistrute Hardanger har utløp 2019:

- Turistrute Hardanger (Norheimsund – Herand – Utne – Kinsarvik – Lofthus – Ulvik – Eidfjord) - 01.01.2014-31.12.2019 (inkl. eitt år opsjon)

Sambandet har drift i perioden 1. mai – 30. september der hovudføremålet er turisme. Det er to daglege avgangar tur/retur på sambandet. Sambandet blir trafikkert med eitt fartøy med kapasitet på 112 passasjerar.

Skyss vil greie ut potensialet for miljøtiltak på sambandet i løpet av hausten 2016. Resultatet av utgreiinga vil vere avgjerande for når arbeidet med nytt anbod bør starta opp. Dersom det skal bli

set krav om meir miljøvennlege framdriftsløysingar er det nødvendig med 3-3,5 år til prosessen med konkurranseutsetting av ny kontrakt.

Det er tidvis utfordringar med kapasitet på båten i dagens samband. Som del av arbeidet med nytt anbod vil mellom anna krav til fartøy, frekvens og driftsdøgn bli vurdert.

Det vil bli lagt fram eigen politisk sak som skal gje rammer for den konkrete utforminga av ny kontrakt. Saka vil mellom anna innehalde:

- Rutetilbod. Behov for kapasitet på fartøy, frekvens og driftsdøgn.
- Materiell. Ambisjonsnivå og potensial for miljøtiltak på sambandet.
- Kontraktform og kontraktslengde.
- Økonomiske vurderingar.



Arkivnr: 2014/278-38

Saksbehandlar: Gudrun Einbu

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	90/16	06.10.2016
Fylkesutvalet		20.10.2016

**Oppfølging av miljøstrategi for Skyss****Samandrag**

Miljøstrategi for Skyss vart vedteken i 2014, og er ein del av samla kollektivstrategi for Hordaland. For å legge til rette for innfasing av null- og lågutsleppsalternativ for kollektivtrafikken, etter kvart som dette er mogleg, er det no behov for vidare arbeid med konkretisering av vegvala teke i miljøstrategien, i ein plan for korleis ein vil vurdere innfasing av ny teknologi i bussparken og på båt. Dette er tett knytt opp mot anbodsprosessane Skyss har ansvar for, då det i hovudsak er her fylkeskommunen som oppdragsgjevar har handlingsrom til å stille nye og meir ambisiøse krav til materiell og utslepp.

For fylkesvegerjene har Hordaland fylkeskommune i 2016 gjort eit nybrotsarbeid ved å lyse ut anbod der det vert lagt til rette for meir miljøvennlege ferjer.

Frå 01.01.2018 vil Skyss inngå ein ny kortvarig kontrakt med fartøy med konvensjonell teknologi som samlar bybåtsambanda Kleppestø - Strandkaien og Knarvik - Frekhaug - Bergen. Det er planlagt at kontrakten skal gjelde fram til det er mogleg å starte opp ein meir langsiktig kontrakt som legg til rette for miljøvennlege framdriftsløysingar på sambandet Kleppestø – Strandkaien. For andre båtsamband vil det bli gjort utgreiningar av moglegheiter for meir miljøvennleg teknologi i forkant av nye anbod.

I forkant av nye bussanbod i Bergensområdet vil ein mellom anna greie ut det tekniske moglegheitsrommet for gradvis innføring av null- og lågutsleppsmateriell, og korleis ein skal legge til rette for anbodsprosessar som sikrar innovasjon og miljøvennlig utvikling i kollektivtrafikken. Vidare bruk av trolleyteknologi og bruk av biogass frå lokalt anlegg til bussar i Bergen vil vere del av dette arbeidet.

**Forslag til innstilling**

1. Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss gir klare føringar for arbeidet med innfasing av null- og lågutsleppsalternativ, etter kvart som dette er mogleg. Framdrift og plan for arbeidet vert knytt til nye anbod.
2. Det skal leggast fram sak om strategiske vegval for bussanbod i Bergensområdet, for vedtak av mellom anna ambisjonsnivå og alternative løysingar for å oppnå betydeleg reduserte utslepp frå kollektivtrafikken.

Rune Haugdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.09.2016**

## 1. Bakgrunn

Miljøstrategi for Skyss vart vedteken i 2014, og er ein del av samla kollektivstrategi for Hordaland. Miljøstrategien viser prinsipielle vegval for kollektivtrafikken. Handlingsprogrammet for kollektivstrategien (2016-2019) viser oversikt over konkrete miljøprosjekt og status på dette. I årsrapport for kollektivstrategien kan ein følgje utviklinga i kollektivtrafikken gjennom eit utval indikatorar.

For å legge til rette for innfasing av null- og lågutsleppsalternativ for kollektivtrafikken, etter kvart som dette er mogleg, er det no behov for vidare arbeid med konkretisering av vegvala teke i miljøstrategien, i ein plan for korleis ein vil vurdere bruk av ny teknologi i bussparken og på båt. Denne saka viser planar for arbeidet med å gjennomføre ambisjonane frå miljøstrategien. Saka skal også svare ut vedtak knytt til handsaming av Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 i fylkestinget (sak 104/2015):

*7. Anbodsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit nullutsleppsalternativ. Fylkestinget ynskjer ei rask innfasing av utsleppsfree motorteknologi for kollektivtrafikken.*

*10. Til tiltak 5.7 Miljøvenleg framdriftsteknologi av ferjer og snøggbåtar Punkt D. tiltak 19. Ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og snøggbåt i Hordaland skal fylkeskommunen krevje bruk av fornybar energi der det er mogleg.*

## 2. Planar for materiell og miljø i nye anbod

Miljøstrategien slår fast at teknologi ikkje er den viktigaste faktoren for miljøvennleg kollektivtrafikk. Kollektivtrafikken sitt viktigaste miljøbidrag er å ta veksten i persontrafikken. Dette betyr at første prioritet er å tilby eit kollektivtilbod som gjer at fleire vel dette framfor privatbil, slik blir utsleppa frå persontransporten reduserte. Satsing på auka kapasitet, hyppigare avgangar og stabil og føreseieleg drift er grunnleggjande for å oppnå dette.

Neste steg er å redusere utsleppa frå kollektivtrafikken. Miljøstrategien slår fast at Skyss skal sørge for meir miljøvenleg busstrafikk ved å bruke lokalprodusert biogass til bussane i Bergensområdet og å utvikle elektrisitet som framdriftsteknologi når dette er mogleg. Vidare satsing på Bybanen skal gjere ein stadig større del av kollektivreisene «elektriske». Skyss vil redusere miljøbelasting frå båt- og ferjetrafikk gjennom fornying av materiell og å tilpasse tilboden til trafikkgrunnlaget. Skyss skal også vere pådrivar for forsking og fagleg utvikling, mellom anna ved å utvikle anbodsprosessar som sikrar innovasjon og miljøvennleg teknologisk utvikling.

Miljøstrategi for Skyss legg følgjande til grunn: «Det er ei kjensgjerning at utvikling og bruk av nye teknologiar og alternative drivstoff ofte er kostnadskrevjande. Riktig prioritering av kollektivkronene inneber balanse mellom stadig å utvikle tilboden for å få fleire reisande, og å få lågare utslepp med nye teknologiar og drivstoff» (s. 6).

I tillegg til at ny teknologi kan vere kostnadskrevjande er det ei rekke praktiske forhold som påverkar kor godt ulike typar framdriftsteknologi er mogleg å innføre. Til dømes vil traseane si lengde og topografi, samt moglegheitene for å etablere naudsynt infrastruktur langs traseen (t.d. ladestasjonar ved elektriske bussar) kunne ha avgjerande betydning for realismen for innføring av ulike teknologiar. At teknologien er moden nok til å vere driftssikker, er også ein føresetnad. Ein kan ikkje drive «eksperiment» med dei reisande til og frå arbeid og skule, punktlegheit og regularitet må oppretthaldast.

Det er også eit felles mål for transportbransjen at det ved anbodskonkurransar blir nytta funksjonelle krav som skildrar behov, framfor å sette krav til konkrete teknologiske løysingar. Marknaden er i rask utvikling og det er operatør som har best kjennskap til teknologiane. Teknologinøytralitet vil også kunne stimulere til innovasjon hos operatørane.

Under følgjer oversikt over status og planar for gjennomføring av strategiane for å redusere utslepp frå kollektivtrafikken. Dette er tett knytt til arbeid med nye anbod. Det er i anbodsprosessane fylkeskommunen som oppdragsgjevar i hovudsak har handlingsrom til å stille nye og meir ambisiøse krav til materiell og utslepp.

## **2.1. Fylkesvegferjene**

For fylkesvegferjene har Hordaland fylkeskommune i 2016 gjort eit nybrotsarbeid ved å lyse ut anbod der det vert lagt til rette for meir klimavennlege ferjer og meir enn 50 prosent reduksjon av klimagassutslepp samanlikna med utsleppa frå dagens ferjeflåte. Dagens ferjeflåte har eit like stort CO<sub>2</sub>-utslepp som all bussdrifta i Hordaland til saman.

Oppstart av nye kontraktar vil skje 1. januar 2020, med unntak av sambanda Krokeide – Hufthamar og Husavik – Sandvikvåg som skal starte opp 1. januar 2018 samt Masfjordnes – Duesund som skal starte opp 1. januar 2019. Ein vil med oppstart av nye ferjeanbod oppnå ein betydeleg reduksjon i miljøbelastinga frå ferjetransporten i fylket.

Erfaringane frå ferjeanboda vil vere nyttige i arbeidet med å leggje til rette for meir miljøvennlege løysingar i andre transportanbod.

## **2.2. Båtrutene**

I Hordaland er det ni båtsamband i regi av fylkeskommunen. Tre av båtkontraktane har utløp dei nærmaste åra, medan dei resterande kontraktane har utløp i 2023. Planar for vidare arbeid med dei tre båtkontraktane som har utløp dei nærmaste åra er gjort greie for i eigen politisk sak. Under kjem eit utdrag frå denne.

Fylkesutvalet har tidlegare vedteke at båtsambandet Kleppestø-Strandkaien skal driftast med miljøvennleg framdriftsteknologi. På grunn av ein utbyggingsprosess på Kleppestø kai er det usikkert når det vil vere mogleg å lyse ut anbod som legg til rette for dette.

Frå 01.01.2018 vil Skyss inngå ein ny kortvarig kontrakt med fartøy med konvensjonell teknologi som samlar bybåtsambanda Kleppestø - Strandkaien og Knarvik - Frekhaug - Bergen. Det er planlagt at kontrakten skal gjelde fram til det er mogleg å starte opp ein meir langsiktig kontrakt som legg til rette for miljøvennlege framdriftsløysingar på sambandet Kleppestø – Strandkaien. I forkant av ny langsiktig kontrakt vil Skyss greie ut moglegheiter for miljøtiltak også for sambandet Knarvik – Frekhaug – Bergen.

Kontrakten for Turistrute Hardanger er forlenga ut 2019. I forkant av ny kontrakt vil det bli gjennomført ei utgreiing av moglegheitene for miljøtiltak for sambandet.

Kontraktane for dei regionale og lokale båtsambanda har utløp i 2023 (2025/2027 med bruk av opsjonar). Også her vil det bli gjennomført utgreiinger som skal vise moglegheitene for miljøtiltak på sambanda. Utgreiing om teknologiske moglegheiter for fartøy bør vere «ferskvare» i forkant av nye anbod og dette arbeidet ligg derfor noko fram i tid. Moglege teknologiske løysingar vil også måtte vurderast opp mot økonomi og praktiske tilhøve.

## **2.3. Buss**

### **2.3.1. Hordaland utanfor Bergensområdet**

I august 2016 starta ein opp med nye kontraktar i anbodsområda Hardanger og Voss, og Modalen og Vaksdal. I desse områda har bussparken fått eit betydeleg løft; av om lag 145 bussar totalt er 110 nye med Euroklasse 6, resten har Euroklasse 5. Euro-standard set grenseverdiar for kor mykje utslepp køyretøy kan

ha for å verte godkjent for sal. Bussar med Euro 6-standard har svært låge utslepp av NO<sub>x</sub> som bidrar til dårleg luftkvalitet lokalt.

Ny kontrakt for busskøyring i Sunnhordland er nyleg inngått, og har oppstart i 2017. Her vil også nye bussar som blir anskaffa ha Euro 6 standard, medan resten har Euroklasse 5.

Konkurransegrunnlag for nytt anbod for buss i Nordhordland er under oppstart, dette vil det bli orientert om i eigen politisk sak i løpet av 2016. Som ein del av førebuingane til anbodet vil det bli gjennomført ei utgreiing som skal vise moglegheitene for alternativ framdriftsteknologi og drivstoff i dette området.

Når det gjeld utarbeiding av miljøprofil og krav til materiell i framtidige bussanbod for Vest (Sotra, Askøy og Øygarden), Austevoll og Osterøy, ønsker ein mest mogleg oppdatert kunnskap om dei teknologiske moglegheitene til kvart anbod. Ein må også ta høgde for at føresetnadene knytt til mellom anna omfang av produksjonen, type transport og geografi er ulike.



Figur 1 Geografisk oversikt over inndelinga i anbodsområde for buss i Hordaland.

### 2.3.2. Bergensområdet

Miljøstrategi for Skyss slår fast at ein vil vidareutvikle bruk av elektrisitet som framdriftsteknologi for kollektivtrafikken etter kvart som dette er mogleg. Vidare satsing på utbygging av Bybanen er ryggraden i elektrifiseringa. I 2015 var 20 % av kollektivreisene i fylket med Bybanen, og ein antek at med vidare utbygging vil Bybanen stå for stadig fleire av kollektivreisene i Bergen. Løysinga på å få bussparken over på meir miljøvennlig teknologi vil ikkje ligge i å satse på *ei* enkelt løysing, men ein kombinasjon av fleire teknologiar.

Ei brikke er trolleyteknologien. Det er tidlegare gjort vedtak om vidare bruk av trolleybuss, og utgreiing av forlenging av trolleylinja i Bergen (FUV 210/2014). Det vil vere hensiktsmessig å arbeide med mogleg utviding av trolleynettet samordna med arbeid med nye bussanbod i Bergen. Politisk sak med utgreiing om utvida trolleybussnett skal leggast fram til handsaming i løpet av hausten. Dersom ein skal ha ny trolleyinfrastruktur på plass til oppstart av nye anbod for Bergensområdet i 2019 og 2020, må det gjerast vedtak i nær framtid.

På grunnlag av politiske vedtak i fylkeskommunen og Bergen kommune blir det arbeidd med bruk av biogass frå nytt anlegg i Rådalen til bussane i Bergen. Når anlegget står klart er det planlagt å ha kapasitet til å produsere biogass til om lag 80 bussar. Dette vil vere ein premiss inn i nye anbod. Vedtak om å starte arbeid med ein strategi for auka bruk av biogass i kollektivtransporten vil bli svara ut i eiga sak.

Når, i kva grad og med kva tekniske løysingar ein kan få resten av bussparken i Bergen over på meir miljøvennlege framdriftsløysingar vil måtte greiast ut. Teknologiske løysingar vil måtte vurderast opp mot mellom anna økonomiske og praktiske tilhøve. Til dømes vil det bli lagt til grunn at driftssikkerheit er eit viktig moment å vurdere – slik at ein ikkje legg opp til teknologiske «eksperiment» med dei reisande i Bergen. Desse utgreiingane og vurderingane vil vere ein del av politisk sak med strategiske vegval i forkant av bussanbod i Bergensområdet.

Dagens kontraktar for Bergensområdet går ut i 2019/2020. I løpet av hausten 2016 vil Skyss starte opp eit forprosjekt for å avklare strategiske vegval for bussanboda i Bergensområdet. Ei av dei større oppgåvane er å greie ut og vurdere korleis ein kan leggje til rette for gradvis innfasing null- og lågutsleppsløysingar for bussparken. Det vil bli lagt fram politisk sak om dette for vedtak som legg grunnlag for utarbeiding av konkurransegrunnlag for bussanboda i Bergen.

**PS 91/16 Ymse**